

# **Det europeiske charteret for lokalt ungdomsarbeid**

Eit demokratisk samfunn treng at ungdom blir høyrde og engasjerer seg aktivt. For å oppfylle denne rolla må ungdom ha ein stad der dei kan setje sin eigen dagsorden. Ein stad der dei saman med jamaldrande kan utforske, formulere og utvikle eigne interesser, talent og idear for framtida. Ein stad der dei får nødvendig stimulering og støtte til å vidareutvikle kunnskapen, evnene, haldningane og verdiane som skal hjelpe dei å realisere seg sjølve fullt ut som individ og medborgarar. Ungdomsarbeid er denne staden, og ungdom<sup>1</sup> står, og skal alltid stå, i sentrum for dette arbeidet.

Ungdomsarbeid er såleis ein læringsprosess, ikkje berre for ungdom, men for heile samfunnet. Det er ei vinn-vinn-investering. For eit samfunn som strevar etter inkludering og sosialt samhald, spelar ungdomsarbeid ei sentral rolle.



Det overordna målet for ungdomsarbeidet er nedfelt i ei rekke viktige politiske dokument både frå EU og Europarådet.<sup>2</sup> Dette charteret er ikkje i seg sjølv eit politisk dokument, men gjer dokumenta ovanfor om til konkrete retningslinjer for kva som skal til for å etablere og bevare kvalitet i lokalt ungdomsarbeid.

Ideen om eit charter blei første gong lansert på den 2. europeiske kongressen om ungdomsarbeid, som blei arrangert i Brussel i 2015. I erklæringa herfrå slo ein fast at «kongressen ber om større merksemd rundt det lokale ansvarsnivået, og ønskjer at eit europeisk charter for ungdomsarbeid på lokalt nivå blir avtalt med lokale og regionale styresmakter.» Målet var å skape eit felles grunnlag for ungdomsarbeid.

22 nasjonale Erasmus+-kontor på ungdomsrådet, partnarane deira InterCity Youth-nettverket, POYWE-nettverket og Det europeiske ungdomsforumet, i tillegg til partnarskapet mellom EU og Europarådet, valde med utgangspunkt i denne erklæringa å lansere det strategiske samarbeidsprosjektet Europe Goes Local<sup>3</sup> innanfor rammene av Erasmus+. Charteret er blant dei viktigaste resultata av dette prosjektet.

Det er utvikla gjennom ein høyringsprosess der ei lang rekke aktørar på alle nivå – inkludert regjeringar, kommunar, NGO-ar, ungdomsorganisasjonar og -råd, paraplyorganisasjonar og mange andre frå heile Europa – har vore med. Charteret er såleis skapt og eigd av eit europeisk fellesskap for ungdomsarbeid, og det angår alle: frå politiske avgjerdstakrar til ungdomsarbeidarar og ungdom som engasjerer seg i ungdomsarbeid og ønskjer å bidra til forbetringar.



Målet med charteret er å bidra til den vidare utviklinga av det lokale ungdomsarbeidet. Dette gjer charteret ved å slå fast kva prinsipp som skal vere rettleiande, og korleis ein skal forme ulike aspekt for å realisere desse prinsippa.

Charteret utgjer såleis ei felles europeisk plattform for den nødvendige dialogen rundt ungdomsarbeid. Det er eit fritt tilgjengeleg metodeverktøy som gir dei involverte ei sjekkliste dei kan bruke til å drøfte kva tiltak som eventuelt må til for å utvikle ungdomsarbeidet vidare. Målet er å sikre at ingen aspekt eller perspektiv blir utelatne, og at ungdomsarbeidet blir utført så godt og effektivt som mogleg. Charteret er difor å sjå på som ein heilskap, og dei ulike punkta er ikkje oppførte i prioritert rekjkjefølge, men i logisk rekjkjefølge.

Ungdomsarbeid er kjenneteikna av eit rikt mangfold, ikkje berre i praksis, men også når det gjeld måten det er organisert, regulert og finansiert på. Sjølv om ungdomsarbeid i all hovudsak har utgangspunkt i og finn stad på lokalt nivå, er ulike aktørar på ulike nivå ansvarlege for dei forskjellige problemstillingane som er oppførte i dette charteret. Ingen av aktørane klarer å innfri alle krav åleine, og ingen av dei kan fråskrive seg ansvar.

For å legge til rette for diskusjon rundt korleis ein reint konkret skal bruke charteret i lokalsamfunna, skal det følge med eit nettbasert, interaktivt verktøysett som gir ulike perspektiv, forklaringar, referansedokument og døme på god praksis med omsyn til dei ulike avsnitta og punkta.

1 Det er likevel viktig å høgse på at ungdommar ikkje er ei homogen gruppe. Dei har ulike bakgrunnar, interesser og tankar. Nokre er organiserte, andre ikkje. Desse og andre skilnader gjer at dei har ulike behov.

2 Desse dokumenta omfattar mellom anna:

- Konklusjonane frå rådet når det gjeld korleis godt ungdomsarbeid verkar inn på utviklinga, trivselen og den sosiale inkluderinga til ungdom (2013/C 168/03)
- Agenda 2020, Resolusjon CM/Res(2008)23 om ungdomspolitikken til Europarådet
- Europarådet sine anbefalingar om ungdomsarbeid (CM/Rec(2017)4
- Engagement, nettverk, mobilisering: En ny EU-strategi for unge (COM(2018) 269 final)

3 Prosjektet er finansiert innanfor rammene av transnasjonale samarbeidsaktivitetar under Erasmus+-programmet.

## UNGDOMSARBEID ER VERDIBASERT OG SKAL SOM GRUNNPRINSIPP:

- ★ vere basert på frivillig deltaking i den forstand at ungdom skal vere aktive i ungdomsarbeidet av eigen fri vilje og motivasjon
- ★ vere basert på og oppfylle behova, interessene, ideane og erfaringane til ungdommen - slik desse sjølve oppfattar dei - og dermed skape meirverdi og/eller glede i livet
- ★ bli oppretta, organisert, planlagt, førebudd, utført og evaluert av eller saman med ungdom
- ★ bidra til personleg og sosial utvikling av ungdom gjennom ikkje-formell og uformell læring
- ★ vere retta mot å gi ungdom større sjølvbestemming, autonomi og tilgang til rettar
- ★ ha eit heilskapleg perspektiv på ungdom og møte dei der dei er, som kompetente individ og som hovudressurs i sine eigne liv og for samfunnet som heilskap
- ★ fremje kritisk tenking og kreativitet, menneskerettar, demokratiske verdiar og aktivt medborgarskap
- ★ vere aktivt inkluderande og tilby alle ungdommar like moglegheiter



★ er utvikla:


- innanfor rammene av og i samsvar med grunnprinsippa ovanfor
- i samarbeid med alle relevante aktørar, inkludert ungdom, der dei har tydelege roller og mandat og er involverte i alle fasar av prosessen
- på grunnlag av relevant og oppdatert kunnskap om behova, rettane og interessene til ungdom, og på grunnlag av ny forsking og ulike former og metodar for ungdomsarbeid som kan brukast til å nå måla

★ er basert på klare og målbare kvalitative og kvantitative indikatorar for deltakinga, innverknaden og læringa ein ønskjer for ungdommane

★ tildeler ressursar som står i forhold til måla

★ inneheld klare og politisk godkjende mål og samstundes respekterer autonomien til lokale, ikkje-statlege organisasjonar

★ er tydeleg tilknytt og posisjonert for ein breiare ungdomspolitikk på alle nivå, frå lokalt til europeisk nivå



- ★ etablerast i dialog med alle relevante aktørar
- ★ gjere mål om til samanhengande strategiar og planar
- ★ definere og etablere føresetnader og arbeidsprosessar som er nødvendige for å sikre kvalitet i ungdomsarbeidet
- ★ kontinuerleg dele informasjon om planar og aktivitetar mellom lokale, nasjonale og europeiske aktørar på ungdomsområdet, og leggje til rette for samarbeid innanfor og på tvers av sektorar
- ★ sørge for at ungdom får rådgiving og tilgang til eit breitt spekter av tilpassa informasjon om eigne rettar, og høve til å ta del i ulike typar aktivitetar på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå
- ★ stimulere og hjelpe ungdom til å:
  - møtast på tvers av skiljelinjer og landegrenser for å vere sosiale, utveksle erfaringar og idear, organisere seg, lære av kvarandre og ta initiativ
  - vere aktive medborgarar og påverke samfunnet ved til dømes å ta del i politiske avgjerdss prosessar
  - vere opne mot verda og engasjere seg aktivt i mobilisering og samarbeid på regionalt, nasjonalt, europeisk og internasjonalt nivå
- ★ i samarbeid med ungdom formulere læringsmål som ungdommane sjølve oppfattar som relevante for den personlege og sosiale utviklinga si
- ★ dokumentere og synleggjere dei ikkje-formelle og uformelle læringsresultata til ungdom - det vil seie kunnskapen, evnene, haldningane og verdiane dei har tileigna seg gjennom ungdomsarbeidet - og å gjere det lettare å få stadfesta kompetansen dei har oppnådd
- ★ gi ungdomsarbeidarar relevant og lokalt tilpassa informasjon, opplæring og støtte for å leggje til rette for ei kontinuerleg kompetanseutvikling



## UNGDOMSARBEIDARAR SKAL:

- ★ handle innanfor klare etiske rammer som byggjer på grunnprinsippa ovanfor, FN si menneskerettserklæring, FN sin barnekonvensjon, og Den europeiske menneskerettskonvensjonen
- ★ vere drivne av viljen til å hjelpe ungdom med å få ei god personleg og sosial utvikling
- ★ skape eit gunstig og tillitsskapande miljø som er aktivt inkluderande, styrkande og sosialt engasjerande, kreativt og trygt, gøy og seriøst, leikent og strukturert
- ★ sjå behovet og finne metodar for:
  - å engasjere ungdom i alle fasar av prosessen knytt til ungdomsarbeid
  - å hjelpe ungdom med å bli sjølvorganiserte
- ★ ha kompetansen - det vil seie kunnskapen, evnene, haldningane og verdiane - som trengst for å gjennomføre ungdomsarbeid i samsvar med prinsippa og tiltaka som er skildra i dette charteret
- ★ sjå på ungdomsarbeid som ein prosess med gjensidig læring og å sjå behovet for konstant kompetanseutvikling
- ★ vere merksame på og i stand til å formulere rolla og oppgåva som ungdomsarbeidarane spelar og har, og ikkje forfølgje mål og aktivitetar som fell utanfor rammene av grunnprinsippa
- ★ heile tida reflektere kritisk over i kor stor grad deira eigne handlingar og dei lokale måla, metodane og måtane å organisere aktivitetar på er i samsvar med grunnprinsippa



## KVALITETSUTVIKLINGA AV DET LOKALE UNGDOMSARBEIDET SKAL:

- ★ ha eit klart og samanhengande system for dokumentasjon og oppfølging av resultat, føresetnader og arbeidsprosessar ut frå målbare indikatorar og mål
- ★ innehalde regelmessige og oppdaterte kartleggingar av lokale forhold og behov
- ★ ha klare prosedyrar for jamlege analysar av og refleksjon rundt resultata - sett opp mot føresetnader, arbeidsprosessar og aktivitetar - og behovet for vidare utvikling
- ★ ha klare prosedyrar for fortlopende oppdateringar om ny nasjonal og internasjonal forsking, trendar og metodar på ungdoms- og ungdomsarbeidområdet
- ★ omfatte ein felles innsats frå alle involverte med tanke på samarbeid om kvalitetsutvikling og innføring av nye metodar i ungdomsarbeidet
- ★ inkludere kontinuerleg kompetanseutvikling av ungdomsarbeidarane
  - basert på klare kompetanserammer kombinert med ein analyse av dei lokale resultata, behova, styrkane og svakheitene



## SAMARBEIDSPARTNARAR PÅ NASJONALT NIVÅ

=dead erasmus+



[www.oead.at](http://www.oead.at)

[www.erasmusplus-jeunesse.fr](http://www.erasmusplus-jeunesse.fr)



[www.iuventa.sk](http://www.iuventa.sk)



[www.jint.be](http://www.jint.be)



[www.jugendfuereuropa.de](http://www.jugendfuereuropa.de)



[www.jaunatne.gov.lv](http://www.jaunatne.gov.lv)



[www.movit.si](http://www.movit.si)



[www.mobilnost.hr](http://www.mobilnost.hr)




[erasmus-plus.gr](http://erasmus-plus.gr)



[www.aha.li](http://www.aha.li)



[www.anpcdefp.ro](http://www.anpcdefp.ro)



[www.ufm.dk](http://www.ufm.dk)



[www.tka.hu](http://www.tka.hu)



[www.jtba.lt](http://www.jtba.lt)



[www.mucf.se](http://www.mucf.se)



[www.agenziagiovani.it](http://www.agenziagiovani.it)



[www.rannis.is](http://www.rannis.is)




[www.erasmusplus.nl](http://www.erasmusplus.nl)



[www.oph.fi/fi/eun-nuoriso-ohjelmat](http://www.oph.fi/fi/eun-nuoriso-ohjelmat)



[www.juventude.pt](http://www.juventude.pt)



[www.dzs.cz](http://www.dzs.cz)



[www.movetia.ch](http://www.movetia.ch)



[www.aktivungdom.eu](http://www.aktivungdom.eu)



[erasmusplus.rs](http://erasmusplus.rs)



[europanoored.eu](http://europanoored.eu)

## INTERNASJONALE ORGANISASJONAR



[pjp-eu.coe.int](http://pjp-eu.coe.int)



[www.youthforum.org](http://www.youthforum.org)



[www.youthforum.org](http://www.youthforum.org)



[intercityyouth.eu](http://intercityyouth.eu)



Professional Open Youth Work in Europe

[www.poyle.org](http://www.poyle.org)



[www.salto-youth.net/rc/eeaca/](http://www.salto-youth.net/rc/eeaca/)



[www.salto-youth.net/see](http://www.salto-youth.net/see)

« UNGDOMSARBEID  
ER VERDIBASERT ...  
OG STØTTAR OPP UNDER  
RETTANE TIL UNGDOM »

